

Språkpris til Hellesnes og Aasen

Filosof Jon Hellesnes fekk i dag Språkprisen 2010 for framifrå nynorsk i sakprosa. Statsstipendiat Elisabeth Aasen fekk prisen for framifrå bokmål.

Av Haakon Flemmen

«Dei er kunnskapsrike forskarar som vender seg til ei brei offentlegheit med bøker som både er velskrivne og vesentlege», seier juryen om dei to forfattarane, som Salongen har skrive om ved fleire høve.

Språkprisen er Språkrådets pris for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa. Vinnarane får 50.000 kroner, eit trykk av Kjell Nupen og eit diplom kvar. Språkprisen vert delt ut på konferansen Språkdagen 2010 i Oslo Konserthus i dag, skriv Språkradet på sine nettsider.



//

//]]]]> //]]>

Elisabeth Aasen og Jon Hellesnes fekk Språkprisen i Oslo Konserthus torsdag 11. november.
(Foto: Berit Roald, Scanpix)

Juryen skriv dette om prisvinnarane:

Dei to språkprisvinnarane i år er begge framifrå formidlarar av fagleg og tverrfagleg innsikt. Dei meistrar begge kunsten å sameine detaljar og nedslag i det kvardagslege med store liner og utfordrande utsyn, den eine med bakgrunn i filosofi, den andre frå historie og litteratur. I ei tid då fag og forskning vert stadig meir spesialisert, er prisvinnarane i år døme på kunnskapsrike forskarar som vender seg til ei brei offentlegheit med bøker som både er velskrivne og vesentlege. Dei to har omfattande forfattarskap bak seg, men begge får prisen i år for dei tre siste bøkene sine. Dei har begge Ludvig Holberg som favoritt og inspirasjonskjelde.

Vinneren av prisen for bokmål formidler et omfattende historisk stoff på forbilledlig måte. Hennes hovedtema er kvinners rolle og skjebne i europeisk historie, fra bergenske bakgater til palassene i Paris. Hun skriver et presist, og samtidig variert bokmål, der omfattende kulturhistorisk og

biografisk stoff blir formidlet slik at tekstene hennes kan nå lesere med ulik bakgrunn. Slik kommer hun mange i møte, med en entusiasme og et engasjement som smitter.

Språkprisen 2010 for framifrå bruk av bokmål i sakprosa går til **Elisabeth Aasen** for bøkene *Barokke damer*, *Bergenske kvinner* og [Opplysningstidens kvinner](#).

Vinnaren av nynorskprisen tek i bøkene sine i bruk eit breitt spekter av nynorske språkressursar: han hentar like gjerne orda og døma sine frå norske kvardagar som frå abstrakte, filosofiske tradisjonar. Skriftstykkane hans er leselege både for det store publikum og for spesialiserte fagfilosofar. Han er kreativ både i sjangeren han vel for skriftstykkane sine, og i ordvalet. Prisvinnaren nyttar gjerne arkaiske nynorskord, men er også mann for språklege nylagingar. I siste boka si har han t.d. laga ord som sutleprat og glyespreiar for bullshit og bullshittar.

Språkprisen 2010 for framifrå bruk av nynorsk i sakprosa går til **Jon Hellesnes** for bøkene *Illusjon?*, *Om livstolking*, og *Det femte monarki og andre essay*.

Les meir på nettsidene til [Språkrådet](#).